

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Åge Risjord
Arkivsaksnr.: 17/1340 - 2

Arkiv: GBNR - 99/174

IGANGSETTINGSLØYVE

GNR 99 BNR 174 - ODD EINAR HJELLEN - SØKNAD OM ANLEGGING AV PARKERINGSPLASS.

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Det faste utvalet for plansaker		193/17

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4 blir det gitt løyve til omsøkte tiltak på eigedom gnr 99 bnr 165 på Nymarkvegen, jf pbl § 20-4 og SAK kap 3 om tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå føre. Dette etter eitt-trinns søknadsbehandling (pbl §§20-1 og 21-4).

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-3 gir «det faste utvalet for plansaker» ein **mellombels** dispensasjon til anlegging av parkeringsareal innanfor regulert vegtrasè på gnr 99 bnr 174.

Grunngjeving: Parkeringsarealet skal fjernast ved ev opparbeiding av regulert veg mot nord. Ved opparbeiding av «veg 15» skal parkeringa flyttast, ev fjernast slik at parkeringsarealet ikkje står til hinder for ei framlegging av vegparsellen. Fjerning av parkeringsareal skal vere kostnadsfritt for Sula kommune.

Følgande vilkår skal stettast:

- Parkeringsarealet skal fjernast, ev flyttast ved opparbeiding av regulert veg, slik at parkeringsarealet ikkje står til hinder for ei framlegging av regulert vegparsell. Fjerning/flytting skal vere kostnadsfritt for Sula kommune.
- Parkeringsplassen skal utformast med fall mot terreng, og slik at overflatevatn skal ikkje kunne renne inn på kommunal veg og heimelshavar skal syte for vedlikehold.
- Tiltaket skal ikkje minske sikt i avkøyrse til eigedom gnr 94 bnr 388, og gnr 99 bnr 158.
- Parkerte bilar skal ha ei avstand til eksisterande asfaltkant på 1,5 meter, men tanke på vinterdrift.

Før arbeidet tek til må kvittering for betalt behandlingsgebyr ligge føre.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Søknaden:

Viser til søknad av 04.09.2017, journalført dato 06.09.2017.
Søknaden gjeld anlegging av eit parkeringsareal på om lag 85 m².

Gjeldande plangrunnlag:

For området er det utarbeidd reguleringsplan for Langevåg Nord I.
Reguleringsformål for det aktuelle arealet er veg. Omsøkte tiltak fører til at eigedomen får ei uendra utnyttingsgrad.

Byggetomta/avkøyrslø:

Tomteparsellen gnr 99 bnr 174 er smal og ligg på regulert vegareal. Parsellen er sjølvstendig, tilhøyrande eigar av eigedom gnr 99 bnr 165 mot vest.

Merknad/kommentarar frå nabo:

Det har ikkje kome inn merknader frå nokon av naboane. Tiltaket krev skriftlig samtykke frå nærmaste nabo. Eit slikt samtykke ligg føre.

Plassering i høgde og plan:

Parkeringsplassen skal utformast med fall mot terreng, og slik at overflatevatn skal ikkje kunne renne inn på kommunal veg. Tiltaket skal ikkje minske sikt for avkøyrslø til gnr 94 bnr 388, og gnr 99 bnr 158. Parkerte bilar skal ha ei avstand til eksisterande asfaltkant på 1,5 meter, men tanke på vinterdrift.

Ansvar og kontroll:

Tiltaket er søknadspliktig etter plbl § 20-4 og SAK kap. 3. Dvs. eit søknadspliktig tiltak som ikkje er ansvarsbelagt der tiltakshavar sjølv kan stå føre arbeidet.
Vi føreset allikevel at tiltakshavar engasjerer kvalifiserte føretak på ev deler av tiltaket der han sjølv ikkje har nødvendig kompetanse. Kravet er at alle deler av tiltaket skal utførast i samsvar med gjeldande regelverk.

Uttale frå lokal vegmynde:

Med gitte vilkår er dette tiltaket ok; parkeringsplassen skal utformast med fall mot terreng for å hindre at overflatevatn renn inn på kommunal veg.

Sikt i avkjørsel til gnr 99 bnr 388 må ivaretas, da med tanke på parkerte biler i siktsonen. Parkerte biler må ha en minsteavstand til eksisterende asfaltkant på 1,5 meter, dette med tanke på eksempelvis vinterdrift. Det nemnast at arealet i praksis kan fungere som ein møteplass.

Dagens veg er ikkje egna for trafikkmengda, og vil truleg avta ved ei ferdigstilling av Fyllingsjøen-vegen. Avkøyrslø mot nord har heller inga god utforming slik den er i dag.

Ved eit ønske om eineretnings-veg, eller ei stenging for gjennomkjøring i mot bakketopp i nord, så kan brukarar av vegen skrive ein søknad (med relevante underskrifter), og sende inn til kommuna.

Dispensasjonsvurdering:

Omsøkte tiltak strid mot regulert vegtrasé i reguleringsplan for Langevåg Nord I. I medhald av plbl § 19-1 er det søkt om dispensasjon gjeldande plassering.

Generelt om kommunen sin dispensasjonsadgang. Plan- og bygningslova § 19 opnar for dispensasjon frå lov, vedtekt, forskrift og planar dersom det er grunnlag for dette.

Kommunen sin adgang til å gi dispensasjon er forholdsvis begrensa. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 kan kommunen gi dispensasjon frå plan dersom følgjande to vilkår er oppfylt:

1. Omsynet bak bestemmelsen det blir søkt dispensasjon frå skal ikkje bli “vesentleg tilsidesatt”.
2. Fordelen ved å gi ein dispensasjon skal vere “klart større” enn ulempene. Det må altså ligge føre klare grunner som er av ein slik karakter/tyngde at dei ikkje overstyrer dei omsyn planen er meint skal ivareta.

Reguleringsplanane tar føre seg konkrete forhold innafor eit avgrensa område, der kommunen klart har tatt stilling til korleis eit område skal utnyttast. Det skal av den grunn ikkje vere kurant å få dispensasjon frå ein reguleringsplan.

§ 19-3. Midlertidig dispensasjon

Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand.

Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-3 finn PBO-avdelinga å kunne gi ein **mellombels** dispensasjon til anlegging av parkeringsareal innanfor regulert vegtrasé på gnr 99 bnr 174. Grunngeving:

Parkeringsarealet skal fjernast ved ev opparbeiding av regulert veg mot nord. Ved opparbeiding av «veg 15» skal parkeringa flyttast, ev fjernast slik at parkeringsarealet ikkje står til hinder for ei framlegging av vegparsellen. Fjerning av parkeringsareal skal vere kostnadsfritt for Sula kommune. Vedlikehold av parkeringa skal utførast av heimelshavar. Parkeringsplassen skal utformast med fall mot terreng, og slik at overflatevatn skal ikkje kunne renne inn på kommunal veg. Tiltaket skal ikkje minske sikt for avkøyrsløp til gnr 94 bnr 388, og gnr 99 bnr 158. Parkerte bilar skal ha ei avstand til eksisterande asfaltkant på 1,5 meter, men tanke på vinterdrift.

Byggesak- og oppmålingsavdelinga si samla vurdering:

Byggesaksavdelinga har elles ingen merknader til at tiltaket kan anleggast som omsøkt.

MERKNADER

- *Alt byggjearbeid må utførast etter plan- og bygningslova med tilhøyrande reglar. Når tiltaket er ferdig skal tiltakshavar sende inn erklæring om ferdigstilling som stadfestar at tiltaket er utført i samsvar med godkjenninga. Jf. § 21-10.*

Postboks 280

6039 LANGEVÅG

Vår ref.:
2017017637

Saksbeh.:
6461

Ark.:

Dykkar ref.:

Dato:
10.10.2017

TILBAKEMELDING/ERKLÆRING OM FERDIGSTILLING

Kva slags tiltak: /GAB-BYGNINGSTYPAR
Gnr/Bnr: /
Byggestad: Nymarkvegen 39, 6030 LANGEVÅG
Tiltakshavar:

- Tiltaket blir meldt ferdig utført, og er oppført i samsvar med løyve gitt i
- Tiltaket er ferdig utført i samsvar med endringar som vist i vedlagt vedlegg

Dato

Underskrift